

Sak 1 Framlegg til forretningsorden

a) Talerett, møterett m.m.

Utsendingar frå lokallaga, fylkesstyret og Vestland SU har fulle rettar på årsmøtet (tale-, framleggs- og røysterett). Laga får 1 utsending for kvar påbyrja 30 medlemmer. Det sentrale medlemsregisteret til SV den 31.12 året før fylkesårsmøtet vert lagt til grunn for utrekninga. Ingen lokallag kan likevel ha meir enn 40% av det samla talet på moglege lokallagsrepresentantar.

Vestland Sosialistisk Ungdom kan møte med inntil 10 representantar med fulle rettar.

Fylkesstyret har ikkje røysterett i saker som gjeld rekneskap.

Fylkesårsmøtet er elles oppe for alle medlemmer i fylkespartiet. Fylkesårsmøtet kan i kvart enkelt høve tildele talerett.

Utsendingar som forlet møtet må søkje om permisjon. Har ein vara må ein gje namnet på denne.

b) Framlegg og framleggsfristar

Frist for framlegg til endring av vedtektene var 27. januar 2023.

Frist for innlevering av framlegg til fråsegner var tysdag 1. februar. Før fråsegnordskiftet blir det røysta over kva fråsegner fylkesårsmøtet ynskjer å handsame.

Frist for framlegg til endringar av fylkesvalprogrammet er 9. februar klokka 14.

Frist for å endringsframlegg til arbeidsplan, budsjett og fråsegner er når sakene er avslutta i salen.

Frist for framlegg til val og delegatval er ved møteslutt laurdag.

Alle framlegg på årsmøtet skal leverast i GoPlenum.

Framlegg i andre saker om til dømes forretningsorden og konstituering må fremjast i det saka er oppe til handsaming.

For at ei ny sak skal kunne handsamast på årsmøtet må 2/3 av delegatane vere samd i at den skal handsamast.

c) Innlegg og taletid

Under alle punkt på dagsorden har alle med talerett rett på to innlegg, eit innlegg på inntil 3 min. (1. innlegg) og 2 min. (2. innlegg). Det vert også opna for ein replikk, og ein svarreplikk pr. innlegg, på maksimalt 1 minutt kvar. Alle som ikkje har norsk som morsmål, får 1 minutt ekstra.

d) Røysting

Framlegg må ha simpelt fleirtal for å verta vedtekne. Når eit framlegg når over simpelt fleirtal kan røystinga avslutte. Ordstyrar vurderer om røysting kan skje fysisk eller via GoPlenum.

Om det i personval blir likt røystetal blir det røysta ein gong til. Deretter vert det loddrekking om det framleis er likt røystetal. Ved personval skal det vere hemmeleg røysting dersom ein av utsendingane / røysteføre krev det.